

Styreleiar Kenneth Langvatn (ordfører i Giske kommune)  
Nestleiar Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)  
Styremedlem Terese Jemtegård Moen (ordfører i Fjord kommune)  
Styremedlem Vebjørn Krogsæter (ordfører i Haram kommune)  
Styremedlem Bernt Brandal (ordfører i Hareid kommune)  
Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordfører i Ålesund kommune) – fråtredde klokka 12:15  
Styremedlem Jessica Gärtner (varaordfører i Ålesund kommune)

## Referat frå styremøte nr. 1-2026

**Dato:** 21. januar 2026

**Tid:** kl. 10.00-12.35

**Stad:** Hareid

### **Sak 1/26: Velkomen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Styreleiar anførte at innkallinga kom for seint og bad dagleg leiar sende ut i tide.

Sølvi Dimmen meldte inn ein sak til eventuelt om KSF på Sunnmøre.

Vedtak: Innkallinga blir godkjend.

### **Sak 2/26: Orientering om og diskusjon med MAFOSS**

Ved dagleg leiar Jan Thormodsæter i MAFOSS

Thormodsæter presenterte MAFOSS sitt arbeid, og dei felles strategiske utfordringane blei diskutert.

Vedtak: Orienteringa blir tatt til vitande.

### **Sak 3/26: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 6-25**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Vedtak: Referatet frå styremøte nr. 6-25 blir godkjend.

#### **Sak 4/26: Handlingsplan 2026**

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Det var semje om prioriteringane som låg til grunn i årsplanen, sett i lys av regionrådet sin strategi.

Styret hadde nokre konkrete forslag til endringar i planen, og ønskte også at planen blei utvikla vidare til eit årshjul med ressursinnsats.

Vedtak: Styret tar den vedlagte årsplanen til orientering og ber dagleg leiar utvikle planen vidare til eit årshjul med ressursinnsats.

#### **Sak 5/26: Forslag til rigg for sunnmørsk transportplan**

Ved dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Dagleg leiar presenterte forslaget til vidare arbeid med sunnmørsk transportplan.

Styret var einig i grunnidéen. Samstundes blei det understreka at det er viktig å etablere nokre pålar for det vidare arbeidet.

Styret bad om at ein utarbeider ein oversikt over alle prosjekta som er i arbeid eller under planlegging, samt at ein startar med å trekke fram dei prosjekta ein er samde om.

Det var også diskusjonar knytt til om ein skal basere seg på fleirtalsavgjerd i regionrådet, eller om at ein skal halde fast ved konsensusavgjerd.

Vedtak:

Formål:

«Sunnmørsk transportplan skal definere Sunnmøre sine viktigaste transportbehov og vere regionen sitt politiske verktøy for å sikre betre tilgjenge, verdiskaping og beredskap. Sunnmørsk transportplan skal samle Sunnmøre om felles prioriteringar og styrke regionen si gjennomslagskraft i nasjonale og fylkeskommunale transportavgjerder.»

Styret vedtek å sette ned ei arbeidsgruppe beståande av:

- Håkon Lykkebø Strand
- Turid Humlen
- Randi Bergundhaugen
- Sølvi Dimmen

- Einar Arve Nordang
- Paul Sindre Vedeld.

Vidare ber styret administrasjonen starte opp arbeidet med sunnmørsk transportplan, i tråd med framlegget i denne saka.

Styret ber om at følgende blir lagt vekt på i arbeidet med sunnmørsk transportplan:

- Dei prosjekta som ein gjennom regionrådet har vore samde om tidlegare skal liggje til grunn for arbeidet.

### **Sak 6/26 Budsjettjustering**

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

I sak 51/25 tilrødde styret følgende: «Styret anerkjenner behovet for å justere rammevilkåra for regionrådet og vil rå representantskapet til å be om ei budsjetjusterings sak våren 2026.»

Dette blei følgd opp i sak 43/25 der representantskapet vedtok at dei «ber om ei budsjetjusterings sak våren 2026».

Styreleiar opna for diskusjon.

Det blei peika på kvifor saka blei sett på agendaen i utgangspunktet. Då blei det trekt linjer tilbake til 2024, då Ålesund kommune vurderte å kraftig justere sitt bidrag til regionrådet og at ein som regionråda då stod overfor ulike scenario. Styret uttrykte forståing for at administrasjonen ikkje rår over eit stort budsjett, og at det såleis er nokre få, faste postar det kan vere mogleg å gjere noko med.

Det blei også trekt fram at éin av kommunane har meldt seg ut av regionrådet, og at det same tidlegare har vore diskutert av andre.

Aller mest vekt blei det likevel lagt på dei store kutt og nedbemanningar som treff alle kommunar, og at styret gav uttrykk for at det er naudsynt å sjå etter innsparingar der ein kan, også i regionrådet.

Det blei òg vist til endra rammevilkår og finansiering av andre regionråda.

Nivået på innsparingskravet blei drøfta, før styret landa på følgende vedtak.

Dagleg leiar poengterte at eit innsparingskrav på eit slikt nivå, ikkje kan la seg realisere utan nedbemanning.

Vedtak: Styret ber administrasjonen utarbeide eit justert forslag til budsjett, der konsekvensane av ein reduksjon på 35 % synleggjerast. I det ligg det ei vurdering av konsekvensane for realisering av den nyleg vedtekne strategien.

### **Sak 7/26 Fråverseksplosjonen**

Ved dagleg leiar Sverre Øvreliid Steen

Denne saka blei utset i førre styremøte. Temaet blei diskutert i representantskapsmøte nr. 4-25 i desember. Sidan den gong har temaet blitt del av den nasjonale diskursen.

Her er opphavleg framlegg:

Administrasjonen har blitt gjort kjend med urovekkande tal knytt til vitnemålsført fråversstatistikk frå Udir. Pressemeldinga frå direktoratet gir ikkje særleg grunn til alarm, medan viss ein går inn og ser på statistikken, så teiknar det seg eit anna bilete, sjå vedlegg. Medianfråveret i fylket har auka med 80 prosent på seks år. I 2025 hadde meir enn halvparten i fylket ni dagar eller meir i fråver, ein auke på 4 dagar i løpet av seks år.

Det er grunn til å tru at det finste ein korrelasjon mellom fråver, skuleresultat, fråfall og utanforskap.

Konsekvensane for regionen, med tilhøyrande rekrutteringsbehov i framtida, kan bli store.

Problematikken er underkjend på nasjonalt nivå. I møtet har ikkje administrasjonen fleire planar enn å peike på problematikken og diskutere korleis vi kan ta det vidare.

*Saka utgjekk.*

### **Sak 8/25: Fast orientering frå dagleg leiar**

Ved dagleg leiar Sverre Øvreliid Steen

*Saka utgjekk.*

### **Sak 9/25 Eventuelt**

Misforståingane knytt til etablering av KSF på Sunnmøre blei drøfta og det var semje om at det var uheldig at det har vore to parallelle prosessar, men at regionrådet som fødselshjelpar ikkje kan lastast for det.

Med venleg helsing

Kenneth Langvatn  
styreleiar

Sverre Øvrelid Steen  
dagleg leiar

Kopi:

1. vara Lena Landsverk Sande (varaordfører i Vanylven kommune)
2. vara Jarle Strømmegjerde (varaordfører i Sykkylven kommune)
3. vara Tove Halse Digernes (varaordfører i Ørsta kommune)
4. vara Einar Arne Ekroll (varaordfører i Sande kommune)
5. vara Lisa Mari Breivik Anderson (varaordfører i Ulstein kommune)

Leiar av representantskapet i Sunnmøre regionråd Turid Humlen (ordfører i Sula kommune)